

Fra: Holum, Tanja <tanja.holum@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 4. juli 2023 12:24
Kopi: Aaland, Per Sindre Thoresen; Lunder, Celine
Emne: BASIL - Resultatregnskap for private barnehagar

E-posten er retta mot barnehagemyndigheita i kommunen.

Resultatregnskap frå private barnehagar

Alle private barnehagar skal levere resultatregnskap i BASIL.

Kommunen skal i den forbindelse:

- sørge for at barnehagane er rett registrert i BASIL/Nasjonalt barnehageregister
- vidareformidla informasjon til barnehagane om innlogging i BASIL, fristar og revisjonsattest
- rettleie barnehagane i utfylling av skjema
- purre på barnehagar som ikkje leverer innan fristen, eller som leverer eit mangelfullt eller feilaktig utfylt skjema
- kontrollere opplysningane i rapporteringa, og at signert utgåve av revisors beretning er levert i BASIL
- fylle ut «Supplerende opplysninger fra kommunen»

Tildele revisor-roller i UBAS

Barnehagestyrar kan registrere nye UBAS-brukarar for sin barnehage, og knytte revisor-rolla til desse.

Meir informasjon om tildeling av rolle finn de her: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/datainnsamling--kilder/basil/resultatregnskap-fra-private-barnehager/>

Viktige datoar

- 1. august: BASIL opnar for kommunen
- 15. august: BASIL opnar for barnehagen
- 17. oktober: Kommunen sin frist for godkjenning.

BASIL stenger kl. 23:59 17. oktober

På Utdanningsdirektoratet sine [heimesider](#) vil de finne meir informasjon om resultatrapporteringa.

Med venleg helsing

Tanja Holum

rådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 10

Mobil: 57 64 31 10

E-post: tanja.holum@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl